

## Månadsplan for oktober på Springar

			1 TURDAG 	2
5 Planleggingsdag Bhg er stengd	6 Planleggingsdag Bhg er stengd	7	8 TURDAG 	9
12 Vi reiser til Sierra Leone 	13 Kropp og hopp Superhelt gruppe	14	15 TURDAG 	16
19	20 Kropp og hopp Superhelt gruppe Lagar mat 	21	22 TURDAG 	23
26	27 Kropp og hopp Lagar mat  Superhelt gruppe	28	29 TURDAG  Mellomgruppa lagar mat 	30

### Songar i oktober:

Tenn eit lys  
Sjå vi tenner haustlys no  
Dyrene i Afrika  
Så fint at du kom

### Regle

5 små apekatter  
Tipp og Topp er gode vener

### Forteljing/eventyr:

Forut forteljingar  
Løven og musa

## **Tida flyr forbi, syns vi, og plutseleg kom vi til oktober.**

*Vi er ute på løpebana, ein heil gjeng, og spelar fotball. Plutseleg tek vinden tak og susar i treet som er ved sida av oss. Alle stoppar opp og fotballkampen tok ein brå slutt. Vi kikar opp mot treet og ser at gule og grønne blad løsnar og flyr med vinden. « ooooooi», er det nokre barn som utbryter begeistra «Det er haust».*

Og det er haust. Når vi er så mykje ute som vi er, får vi vere så nær innpå naturen og det som skjer i dei ulike årstidene. Gule blad, fuglane som flokkar seg og gjer seg klar til å reise sydover, makken som etter kvart forsvinner lenger og lenger ned i jorda og kvepsen som er så sløv no at dei berre detter ned ifrå himmelen eller er veldig nær innpå oss i sin sløvhet er nokre av dei haustteikna vi har observert og snakka om. Aktivitetar som barna gjer på hausten ilag med familien sin er og noko som vi dreg fram i barnehagen, både i leik og i samtale: hjortejakt og sauesanking er nokre eksempel på dette.

Vi er godt i gang med Kropp og hopp gruppa som er på tysdager. Vi har til no vore på Stetta og det har vore godt for dei nye springarane å få vere ilag med dei som dei har ein relasjon til frå då dei gjekk på Gangar. Nye vennskap blir til på Springar, samtidig er det viktig å halde på dei gamle vennskapa og, både saman med barna, men og dei vaksne på Gangar. Vi opplever at alle gler seg til Kropp og hopp turane og det er ein begeistring kvar gong dei møtast i sirkel og tek Kropp og hopp regla si. På tur er det mykje fin leik, fellessamling og forskning på naturen. Ein brukar god tid på veg ned til Stetta fordi det er så mykje kjekt som må utforskast. Når Kropp og hopp gjengen kjem tilbake, har dei så mykje spanande å fortelje til dei som har vore « heime» i barnehagen. Barna fortel med ord og med kroppsspråk. Heldige dei som får gå på Kropp og hopp med denne gjengen!

Vi har og andre grupper i løpet av veka. Det viktige er å dele oss i små grupper og det er mange barn som har behov for dette i løpet av dagen. Slik vert det og lettare for oss å kunne observere, sjå kvart enkelt barn og sikre oss at barnet sjølv kjenner seg sett og høyrte i løpet av dagen. Kven som er ilag og korleis gruppa vert delt har vi vore fleksible på. Om morgonen kan vi sjå barnas behov og kven som finner saman med kven som vi kan ta høgde for når vi deler oss inn i grupper. Målet med gruppe er å bli sett, at barna trivst og har det godt i leiken og at ein og skal få kjenne på ein ro i løpet av dagen.

Vi har SUPERHELT gruppe ein gong i veka. No er vi inne i noko som heter hjertesamlingar. Dette er samlingar med fokus på blant anna kropp og følelsar. Det handlar om gode opplevingar, samt vonde opplevingar. Vi vil blant anna lese bøker og ha ulike aktivitetar som passar til temaene. Vi vil også sjå anbefalte videoar frå SMISO, der samtale vert ein viktig del etterpå. Dette er blant anna videoar for barn som set fokus på vanskelege situasjonar som vold, mobbing og overgrep. Vi vil at de foreldre skal vite at dette vert tema framover og at barn kan kome heim å fortelje. Nokre barn vil muligens undre seg i ettertid og det er difor viktig at vi vaksne gjev rom og tid for undring og samtale saman med barna. Samlingane er delt inn i 5 tema: berøringar, følelsar, vennskap, mobbing, kropp og hemmeligheit. Spør oss om de lure på noko!

## Oktober

Vi skal inn i Forut månaden og i år reiser vi til Sierra Leone og møter Nanah og familien hennar. Korleis vi reiser og kva vi skal gjere skal vi vere med å forme ilag med ungane og aktivitetane blir til etterkvart. Skal vi reise med fly i år også? Fokuset er solidaritet og kultur. Kort sagt så skal vi bli kjent med Nanah sin kultur i Sierra Leone. Vi vil bruke bilde, Forut videoar, song, sansane våre, leik og forteljingar inn i dette arbeidet. Refleksjon og resonnering vert ein viktig prosess og som vi vil bruke mykje tid til.

I oktober vil vi ha foreldresamtale med MELLOMGRUPPA. Dersom nokon har behov for ein samtale, som ikkje er i denne gruppa, må berre seie ifrå. Ikkje vent om det er noko de treng å ta opp med oss.

### Praktisk info:

- I sekken skal det kun vere eit klesskift, matboks og drikkeflaske skal henge ute på kroken med terrassen.
- Ytterkle og byttekle skal henge/ligge i garderoben. Dette er dykkar ansvar å gå inn med og leggje på plass om morgonen.
- Vi ønskjer fortsatt å ha levering og henting ute. De som foreldre har ansvar for at barnet er klar til å vere ute. Likevel vil det her vere dagar der vi startar inne på morgonen eller avsluttar inne.
- Tidlegare var vi tydelege på at vi ikkje ønskja dykk foreldre innanfor porten. No har vi opna opp og de er velkommen til å vandre inn og ut av portane.
- For å få eit blick inn i barnehagen, sjå på heimesida vår der vi legg inn bileter. Når de leverar/hentar, oppsøk oss der vi er i leiken, stopp gjerne opp litt og ver litt « flue på veggen».